

16. Framlegg til vedtak frå Formannskapet

Framlegg til vedtak:

1. Handlingsprogram 2013 – 2016
 - A. Handlingsprogram for 2013 – 2016 vert vedteke med dei mål og premissar som går fram av handlingsprogramdokumentet
2. Økonomiplan 2013 – 2016 vert vedteke som retningsgjevande for perioden 2013 – 2016
3. Årsbudsjett 2013 vert vedteke med følgjande hovudpunkt:
 - A. Skatt på inntekt og formue blir likna ut i samsvar med dei maksimalsatsar Stortinget vedtek.
 - B. For eigedomsskatteåret 2013 skal det skrivast ut eigedomsskatt i heile kommunen, jf. Eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav a
 - i. For nærings eigedomar, verk og bruk blir skattesatsen fastsett til 7 0/00 av takst for eigedomsskatt, med heimel i esktl. §§ 10 – 12
 - ii. Med heimel i esktl. § 12 a) blir eigedomsskatten fastsett til 2 0/00 av takst for eigedomsskatt for bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar. Med dette meinast bustader for fast busetting og på bustader for fast busetting, fritidsbustader, samt bustadhus på landbrukseigedomar.
 - iii. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Gol kommune vedteke i kommunestyret 7.9.2010 – sak 48/2010 – skal gjelde for eigedomsskatteåret 2013, jf. esktl. § 10
 - iv. Utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2013 er basert på takster fastsett ved siste alminnelege taksering gjennomført i år 2010.
 - v. Klage over takstvedtaket og klage over utskrivingsvedtaket vert etter esktl. § 20 avgjort av ei sakkunnig nemnd.
 - vi. Med heimel i esktl. §7 fritak kommunestyret eigedomar for eigedomsskatt som i vedtak K.sak 60/10 (fritak som i 2011)
 - vii. Eigedomsskatten blir skriva ut i 2 terminer, jfr. esktl. § 25 første lekk. Terminforfall er sett til 1. april og 15. september

Handlingsprogram og økonomiplan – 2013 - 2016

- C. Driftsbudsjettet blir vedteke i henhold til «Hovudoversikt drift – 1A og 1B»
- Brutto frie inntekter – kr. 264.150.000
- Netto utgifter til renter og avdrag – kr. 10.460.000
- Netto bruk avsetningar – 2.306.000
- Til fordeling på driftssektorane – kr. 255.996.000
- Rådmannen får fullmakt til å fordele lønsreserve på tenesteområda.
- Meirverdiavgiftskompensasjon frå investeringar blir overført i sin heilhet til investeringsbudsjettet
- D. Investeringsbudsjettet blir vedteke i samsvar med «Hovudoversikt investering – 2A og 2B»
- E. Overskriding av budsjetttrammene må ikkje finne stad utan at det er innhenta samtykke i samsvar med delegasjonsreglementet sine fullmakter frå budsjettansvarleg organ. Formannskapet og utvala (UNN og UKL) får fullmakt til og gjera vedtak om omdisponering innafor eigne budsjetttrammer. Beløpa skal ikkje nyttast på ein slik måte at driftsutgiftene for seinare år aukar.
- F. Kommunestyret godkjenner ei låneramme for 2013 på 12.950.000 kroner for å finansiere nye, netto løyvingar til investeringar
- G. Rådmannen gis fullmakt til å godkjenne lånevilkår innafor nemnde låneramme
- H. Godtgjersle til folkevalde for 2013 blir fastsett i samsvar med reglementet for godtgjersle til folkevalde vedteke 16.06.09.
- I. Tilskot til politiske parti og grupper i kommunestyret i 2013 blir fordelt med kr 500 i grunntilskot og kr 1.900 pr. representant.
4. Gebyrreglement, avgifter og satsar for betaling av tenester i samsvar med vedlegg 15.1 i Handlingsprogram og Økonomiplan for 2013 – 2016 gjerast gjeldande frå 1.1.2013 dersom ikkje anna er fastsett i regulativet